



## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Florø - Quality Hotel</b>
<b>Møtedato</b>	<b>17.10.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 - 17:25</b>

År 2017, 17. oktober kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Quality Hotel Florø i Florø.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 22. september 2017. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Hilmar Høl og Karen Marie Hjelmeseter hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte 2. vararepresentant Arve Helle og 1. vararepresentant Per Atle Kjøllesdal. Fylkestinget godkjende forfallet til Høl og Hjelmeseter. Karianne Torvanger hadde permisjon fram til kl. 11.30.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SENTERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Erlend Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad  
Per Atle Kjøllesdal

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger (frå kl. 11.30)  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic  
Arve Helle

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Bjørn Erik Hollevik  
Anne Kristin Lilleaasen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Gunn Aarvik

**VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob Andre Sandal

**MILJØPARTIET DEI GRØNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Odd Atle Stegegjerdet og Jon Olav Kvamme vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene 28-38/17 var sendt ut 5. oktober 2017 og at sak 41/17 var sendt ut 16.oktober 2017.

Saklista vart godkjend med 22 mot 8 røyster. Representantane frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre røysta mot at sak 41/17 vart sett på saklista.

Varaordførar i Flora, Jan Henrik Nygård, helsa fylkestinget.

Fylkestrafikktryggingsprisen 2017 vart delt ut til Årdal kommune. Aleksander Øren Heen mottok prisen på vegner av kommunen.

Innovasjon Norge sin Bedriftsutviklingspris i landbruket 2017 vart delt ut til Matstova AS v/ Ruth Guddal, Oddrun Guddal og Frank S. Guddal.

Ungdomspolitisk utval (UPU), v/leiar Ole Martini, presenterte seg.

Fylkessoga, «Soga om Sogn og Fjordane», vart lansert. Redaktørane og forfatarane gjorde greie for viktige funn. Rektor ved Høgskulen på Vestlandet, Berit Rokne, overleverte bokverket i fire bind til fylkesordføreren.

## **SAK 28/17 Val av ny varamedlem til kontrollutvalet**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Som ny 2. varamedlem i kontrollutvalet etter Liv Stave, vel fylkestinget .....

### **Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Som ny 2. varamedlem i kontrollutvalet etter Liv Stave, vel fylkestinget Solfrid Fossberg.

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Som ny 2. varamedlem i kontrollutvalet etter Liv Stave, vel fylkestinget Solfrid Fossberg.

-----

## **SAK 29/17 Førdepakken - vurdering av bompengetakstar**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget som lånegarantist godkjenner at Førdepakken bomselskap AS kan søke om tilskot til reduserte bompengar for Førdepakken.
2. Fylkestinget har ikkje merknader til styret i Førdepakken bomselskap AS si vurdering av takstnivået. Under føresetnad om tildelt tilskot, jf. pkt. 1, godkjenner fylkestinget at takstane vert uendra.

### **Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til alternativt punkt 2:

Fylkestinget syner til bompengesøknaden for Førdepakken som vart handsama av Fylkestinget i sak 43/13, der det står: «Handtering av kostnadsauke og /eller mindre bompengeinntekter enn føresett, kan løysast på fleire måtar. Men her har Førde bystyre gjort eit eintydig vedtak: Det skal kuttast i dei lågast prioriterte prosjekt»

Fylkestinget ber styret i Førdepakken AS til å tilpasse prosjektporteføljen til dei reduserte inntektene, og at løyvinga frå Staten vert brukt til å redusere takstane for bilistane slik den er føresett.

### **Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Framstegspartiet sitt framlegg til alternativt punkt 2 fekk 2 røyster og vart forkasta.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 2 røyster.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget som lånegarantist godkjenner at Førdepakken bomselskap AS kan søke om tilskot til reduserte bompengar for Førdepakken.
2. Fylkestinget har ikkje merknader til styret i Førdepakken bomselskap AS si vurdering av takstnivået. Under føresetnad om tildelt tilskot, jf. pkt. 1, godkjenner fylkestinget at takstane vert uendra.

-----

**SAK 30/17      Kjøp av garden Nyheim i Aurland**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen kjøper garden Nyheim, gbnr 12/5 i Aurland kommune frå Anne Schei Nyheim for takst, pålydande 1,6 mill. kr. I tillegg kjem salskostnader og utgifter til opprusting av gardshuset, samla 650.000,- kr.
2. Det vert løyvd 2,25 mill. kr. til føremålet som vert finansiert av kapitalfondet.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre kjøpet.

-----

**SAK 31/17      Tunnelløysing fv. 303 Seimsdalstunnelen - val av løysing**

**VEDTAK:**

1. Dagens tunnel mellom Årdalstangen og Seimsdalen (Seimsdalstunnelen) på fv. 303 i Årdal skal utvidast til profil T10,5 med 2 meter brei gang- og sykkelveg.
2. Moglege fråvik frå Vegnormalane vert vurdert seinare i planprosessen.

-----

**SAK 32/17      Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg positiv til initiativet frå Hordaland, og ynskjer å gå i dialog om utforming av ein felles søknad om etablering av eit forsøksprosjekt med regional forvaltning av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotek.

-----

**SAK 33/17 Vedtekter Marint- rekrutterings og kompetansehevingsfond (MAREKO)**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget er positive til at fylkeskommunen har fått ein undervisningskonesjon knytt til akvakulturopplæringa ved Måløy vidaregåande skule, og at det er inngått avtale med Marine Harvest Norway om å leige denne konsesjonen.
2. Det vert oppretta eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) der alle leigeinntekter frå undervisningskonesjonen skal i settast inn.
3. Fylkestinget godkjenner vedtektene til fondet slik dei kjem fram i vedlegg 1, med slike endringar:

Tillegg i pkt 3:

Tillegg etter parantes i avsnitt 2 ..., «herunder og å kunne gje støtte til finansiering av nytt opplæringsfartøy».

Endra pkt 6:

Styret

Fylkesutvalet, samt leiar for hovudutval for opplæring og leiar for hovudutval for næring og kultur, utgjer fondsstyre og tildeler midlar.

Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

**Endringsframlegg:**

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om at det blir nytta lukka produksjonsteknologi til drift og undervisning knytta til opplæringskonesjonen.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget er positive til at fylkeskommunen har fått ein undervisningskonesjon knytt til akvakulturopplæringa ved Måløy vidaregåande skule, og at det er inngått avtale med Marine Harvest Norway om å leige denne konsesjonen.
2. Det vert oppretta eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) der alle leigeinntekter frå undervisningskonesjonen skal i settast inn.
3. Fylkestinget godkjenner vedtektene til fondet slik dei kjem fram i vedlegg 1, med slike endringar:

Tillegg i pkt 3:

Tillegg etter parantes i avsnitt 2 ..., «herunder og å kunne gje støtte til finansiering av nytt opplæringsfartøy».

Endra pkt 6:

Styret

Fylkesutvalet, samt leiar for hovudutval for opplæring og leiar for hovudutval for næring og kultur, utgjer fondsstyre og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

---

**SAK 34/17      Regional planstrategi - status og framdrift på prioriterte planarbeid**

**VEDTAK:**

1. Vedteken framdrift for Strategisk plan for kysten vert endra. Planframlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn i januar/februar 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.
2. Oppstart av arbeidet med ny Regional plan for arealbruk vert utsett til tidleg haust 2018. Det er her behov for ei nærare avklaring når det gjeld føremål, innhald og avgrensing.
3. Vedteken framdrift for Regional plan for klimaomstilling vert endra. Planframlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn i februar/mars 2018, og med vedtak i fylkestinget i juni 2018.
4. Regional plan for verdiskaping og Strategi for senterstruktur er prioriterte planarbeid i perioden 2016-20. Desse er innlemma i den reviderte oversikta over prioriterte planarbeid.

---

**SAK 35/17      Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkestinget tek saka til vitande.

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune avsluttar samarbeidet i NDLA. Fylkesrådmannen vert bedt om å førebu uttrede av samarbeidet i tråd med inngåtte avtalar, samt førebu erstatningar for dei tenestene ein i dag får gjennom NDLA.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 2 røyster og vart forkasta. Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkestinget tek saka til vitande.

---

**SAK 36/17      Eigarmelding 2017**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert ny rutine for opplæring av eigarrepresentantar i punkt 3.3 «Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap», jf. vedlegg 1.

2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.

3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for selskapa, jf. vedlegg 1, del II:

A. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Lutelandet Utvikling AS, Opplæringsfartøy AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sørvest Bomvegselskap AS, Sogn og Fjordane Teater LL, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.

B. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere avvikling av F1 Holding AS.

C. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

----//----

Fylkestinget handsama og røysta over kvart enkelt selskap, som er nemnde i pkt. 3, for seg.

Fylkestinget fann Per Atle Kjøllesdal inhabil til å delta ved handsaminga av Sogn og Fjordane Energi AS og Sogn og Fjordane Revisjon IKS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Fylkestinget fann Arve Helle inhabil til å delta ved handsaminga av Lutelandet Utvikling AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Fylkestinget fann Jakob André Sandal inhabil til å delta ved handsaminga av Trivselshagen IKS, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

Fylkestinget fann Aleksander Øren Heen inhabil til å delta ved handsaminga av F1 Holding AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Fylkestinget fann Alfred Bjørlo inhabil til å delta ved drøftinga av Norsk Fjordhestsenter AS (pkt. 3 C), jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

-----

## **SAK 37/17      Konesjonskraft - vurdering av sikringsstrategien**

### **VEDTAK:**

Sikringsstrategien vert endra til:

#### **SIKRINGSSTRATEGI**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein treårig sikringsstrategi for sal av konesjonskraft. Av totalt tilgjengeleg konesjonskraftvolum skal 80% prissikrast i samsvar med prinsippa i denne prissikringsstrategien.  
  
3 års sikringshorisont betyr at ved inngangen til eit nytt år vil vi ha prissikra 80 % av konesjonskraftvolumet for dette året. Vi vil samtidig ha prissikra 2/3 av eit tilsvarande volum for «år 2» og 1/3 av eit tilsvarande volum for «år 3».
2. Sikringshandelen skal skje innafor kvart kvartal i ei løpande rullering med like deler kvart kvartal. Det sikra volumet skal for fyrste år i perioden vere best mogleg tilpassa profilen til

månadsblokkmodellen.

3. Valutasikring vert gjort parallelt med all sikringshandel.
4. Handelen skjer etter ordre.
5. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekte normalstrategien dersom prisprognosen til Markedskraft og marknadsprisen avvik slik at dette vert vurdert som hensiktsmessig. Følgjande kriterium skal liggja til grunn for å avvika frå normalstrategien:
  - Avviket mellom Markedskrafts prisprognoser og marknadsprisen for den aktuelle perioden skal være minimum 3 euro.
  - Dersom avviket blir mindre enn 3 euro, skal prissikringsstrategien normaliserast igjen.
  - Ein kan avvike med inntil 75% av planlagt prissikringsvolum.
  - Ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje liggja med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering.
  - Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta avgjerd om å avvike frå normalstrategien.
6. Områderisiko skal normalt ikkje sikrast. SFFK skal bli førelagt ein tertialvis rapport som viser status for denne "opne posisjonen" for det tertialet som er tilbakelagt og som viser prognosar for dei neste tertiala.

-----

## **SAK 38/17      Tertialrapport 2/2017**

### **VEDTAK:**

#### **A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017**

- 1      Budsjettert fylkesskatt vert auka med 5,000 mill. kr.
- 2      Rammetilskotet vert auka med 0,878 mill. kr.
- 3      Lokale inntekter vert auka med 86,550 mill. kr. Av dette vert 82,000 mill. kr avsett til bufferfond.
- 4      Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 0,400 mill. kr.
- 5      Driftsmidlar til investering vert auka med 0,548 mill. kr.
- 6      Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 0,950 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,150 mill. kr.*
  - Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning vert auka med 0,300 mill. kr*
  - Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 0,800 mill. kr.*
- 7      Sektorbudsjettet til opplæring vert auka med 0,348 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med netto 0,100 mill. kr.*
  - Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,400 mill. kr.*
  - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 2,000 mill. kr.*
  - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 3,400 mill. kr.*



*Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 0,248 mill. kr.*

*Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,000 mill. kr.*

- 8 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 57,000 mill. kr med slike endringar:

a) Omdisponeringar innanfor samferdslesektoren:

*Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,500 mill. kr.*

*Teneste 7222 Fylkesvegar-drift og vedlikehald vert auka med 18,000 mill. kr.*

*Teneste 7223 Uføresette hendingar vert redusert med 15,000 mill. kr.*

*Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 3,500 mill. kr.*

*Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 3,700 mill. kr.*

*Teneste 7321 Båt-skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,500 mill. kr.*

*Teneste 7322 Båt-ekspres- og lokalruter vert redusert med 4,200 mill. kr.*

*Teneste 7323 Båt-diverse vert redusert med 0,500 mill. kr.*

*Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,500 mill. kr.*

b) *Teneste 7222 Fylkesvegar-drift og vedlikehald vert redusert med 57,000 mill. kr.*

- 9 Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 57,000 mill. kr. Midlane skal nyttast til tunnelrehabilitering.

- 10 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 8,982 mill. kr.

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 3 Ekstraordinært utbytte vert auka med 136,902 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarende.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 5 vert teken til vitande.

---

### **SAK 41/17      Regionreforma**

#### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget er kjent med at det er levert inn representantforslag i Stortinget som går på å reversere regionreforma. Dersom Stortinget vedtek å løyse opp regionar som er vedtekne slått saman, vil Fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke.
2. Under føresetnad av at Stortinget sitt vedtak om regionreforma står fast, vil Fylkestinget i Sogn og Fjordane peike på at intensjonsplanen av 17.01.2017 mellom Hordaland og Sogn og Fjordane ligg til grunn som rammeverk for vidare arbeid.
3. Fylkestinget vil vise til tidlegare vedtak om oppgåver, slik det går fram i FU-sak 76/17, vert svært viktig å få på plass. Vi forventar at fleirtalet på Stortinget vil syte for at

intensjonen i regionreforma med fleire oppgåver ut til regionalt folkevald nivå, vert gjennomført.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteken med 23 mot 8 røyster.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget er kjent med at det er levert inn representantforslag i Stortinget som går på å reversere regionreforma. Dersom Stortinget vedtek å løyse opp regionar som er vedtekne slått saman, vil Fylkestinget at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke.
2. Under føresetnad av at Stortinget sitt vedtak om regionreforma står fast, vil Fylkestinget i Sogn og Fjordane peike på at intensjonsplanen av 17.01.2017 mellom Hordaland og Sogn og Fjordane ligg til grunn som rammeverk for vidare arbeid.
3. Fylkestinget vil vise til tidlegare vedtak om oppgåver, slikt det går fram i FU-sak 76/17, vert svært viktig å få på plass. Vi forventar at fleirtalet på Stortinget vil syte for at intensjonen i regionreforma med fleire oppgåver ut til regionalt folkevald nivå, vert gjennomført.

-----

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 17. oktober 2017 på Quality Hotel Florø, Flora kommune, var slutt kl. 17.25.